

# MØTEBOK

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** 14 okt, kl. 09:00 – 13:00  
**Stad:** Hemsedal, Bakkestølen

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

---

### **SAK 54/08 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 29.8.2008**

#### **Vedtak**

Møteprotokoll 29. august 2008 vart vedteke.

### **SAK 55/08 BARNEVERNENSAMARBEID I HALLINGDAL – SAMARBEID BUFETAT, DRØFTING**

#### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal ber rådmannsutvalet utgreie felles barnevernsteneste eller eit nærare samarbeid om barnevernstenestene for heile Hallingdal, utgangspunkt må vera ei best mogeleg barnevernsteneste, men innanfor dagens økonomiske rammer.

Regionrådet ber og om at rådmannsutvalet gjer ei nærare avklaring i forhold til eit eventuelt ressurscenter for Bufetat i Hallingdal.

Regionrådet ser det som ein stor fordel at arbeidet blir utført innan 1.12.2008

### **SAK 56/08 HØYRINGSUTTALE VEDRØRANDE HOVUDSTADSPROSESSEN I HELSE SØR-ØST**

#### **Vedtak**

Regionrådet i Hallingdal, som representerer kommunane Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol, sluttar seg til felles høyringsuttale frå kommunane i Buskerud.

### **SAK 57/08 REGIONALT SAMARBEID OM ASYLMOTTAK**

#### **Vedtak**

Regionrådet vil avklare nærare løysingar av asylmottak i kommunal eller regional regi, tilpassa kommunane/regionen sine ressursar.

Regionrådet vil peike på at samhandling mellom UDI, kommune og operatør er ein føresetnad for å ha eit godt fungerande mottak.

**SAK 58/08 STRATEGISK PLAN, DRØFTING MED BAKGRUNN I  
GRUPPEARBEID PÅ HALLINGTINGET 26.9.2008**

Med bakgrunn i Hallingtinget si sak 07-08 handlingsprogram Strategisk plan, starta Regionrådet drøftingar om prioriteringar i forhold til Strategisk plan, med vekt på 2009. Arbeidet skal slutførast på neste møte i Regionrådet.

Revidert handlingsprogram og oversikt skal sendast kommunane for uttale før neste Hallingting.

**SAK 59/08 HALLINGDAL KRISESENTER**

Olaug Grønseth Granli tok opp spørsmålet om framtidige lokalitetar for Hallingdal Kriresenter. Bakgrunnen var førespurnad frå kritesenteret og tidlegare orientering/synfaring for Regionrådet, ved kritesenteret.

**Vedtak**

Regionrådet ber om at Gol kommune som vertskapskommune utgreiar framtidige lokalitetar og drift for Hallingdal kritesenter. Med bakgrunn i dei vurderingar som blir gjort blir det fremma eigen sak i Regionrådet, helst innan februar 2009.

Ål 18.10.2008

Knut Arne Gurigard  
Regionrådet for Hallingdal  
Dagleg leiar